

### Åpning av det 134. ordentlige Storting.

President: Jo Benkow.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg onsdag den 11. oktober kl. 13 i stortingssalen ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 134. ordentlige Storting ved dets åpning.

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk og arbeide for en styrking av det internasjonale samarbeid.

Vern av Norges sikkerhet forutsetter et sterkt forsvar innenfor rammen av NATO og et aktivt engasjement for avspenning, gjensi-dig rustningskontroll og nedrustning.

Bistanden til utviklingslandene vil bli opprettholdt på et høyt nivå og hensynet til miljø vil bli tillagt større vekt. Regjeringen vil arbeide for å redusere de fattigste landenes gjeldsbyrde.

Regjeringen vil fortsatt legge stor vekt på samarbeidet i Norden og i Europa. Arbeidet med å sikre norsk tilgang til EFs indre marked vil bli gitt høy prioritet. Regjeringen vil gå inn for et styrket samarbeid gjennom felles institusjoner mellom EFTA-landene og EF.

Regjeringen vil legge vekt på å opprettholde og utbygge et godt forhold til Sovjetunionen.

Det er et hovedmål for Regjeringen å skape større produksjonsvekst i alle deler av landet slik at en kan sikre full sysselsetting og balanse i økonomien. Det vil bli lagt vekt på å kvalifisere arbeidsledige for å bidra til omstilling og vekst i norsk økonomi.

Regjeringen vil særlig prioritere innsatsen i eldreomsorgen, i miljøvern og utdanning.

Regjeringen vil føre videre et inntektspolitis-k samarbeid med sikte på en fortsatt lav pris- og kostnadsutvikling.

Arbeidet med et enklere og mer rettferdig skattesystem vil bli ført videre, og Regjeringen vil fortsette oppryddingen på finansmarkedet. Det vil bli lagt frem et opplegg for en betydelig reform i bedriftsskattene.

Det vil bli ført en aktiv politikk for omstilinger i næringslivet og for å få sterkere vekst i de konkurranseutsatte næringer.

Regjeringen vil fortsatt styrke forsknings-innsatsen. Miljøteknologi vil bli et nytt satsingsområde. Det vil bli lagt frem en melding på gen- og bioteknologiområdet.

Regjeringen vil føre en aktiv kulturpolitikk for å styrke den skapende kunst og verne og stimulere norsk språk og kultur.

Regjeringen vil legge opp til at Norge skal være pådriver i det internasjonale arbeid med avtaler om reduksjon i utslipp som fører til sur nedbør, nedbryting av ozonlaget, klima-endringer og havforeurensninger. Regjeringen vil styrke arbeidet med opprydding etter ned-lagt industri, av jordsmonn, fjorder og gruver. Arbeidet med spesialavfall, bedre avfallshånd-tering og gjenvinning vil bli prioritert.

Regjeringen vil styrke kommunenes og fylkeskommunenes økonomi.

Innsatsen for å stimulere veksten og øke sysselsettingen i distriktene skal styrkes. Kommuner og fylkeskommuner vil få større ansvar for bruken av virkemidlene. En melding om Finnmark og Nord-Troms vil bli lagt frem.

Landbrukspolitikken skal bidra til å opprettholde bosettingen i distriktene og sikre miljøgrunnlaget.

Det vil bli lagt vekt på å bedre forvaltnin-gen av fiskebestandene og starte arbeidet med å utvikle havbeite.

Det vil bli lagt frem en melding om storbye-ne.

Regjeringen arbeider med å avklare mulig-heten for et norsk-svensk marked for norsk gass. Det vil bli utlyst blokker i en 13. konse-sjonsrunde.

Arbeidet med energiøkonomisering og ef-fektivisering av energibruken vil bli styrket.

Regjeringen vil sikre en høy boligbygging ved bruk av statsbankene. Arbeidet med økt forbrukervern for husbyggere vil bli prioritert.

Regjeringen vil styrke grunnskolen ved å utvide undervisningen og skoledagen for ele-ver i 1.–3. klasse og fremme utviklingen av et aktivitetstilbud for småskolebarn.

Regjeringen vil fortsatt holde et høyt tempo i barnehageutbyggingen.

Barna og barnefamiliens situasjon skal bedres gjennom økt barnetryd, utvidet for-eldrepermisjon og styrking av barnevernet.

Det vil bli fremmet forslag til endringer i folketrydens pensjonssystem som vil styrke trygdens økonomi.

Arbeidet med styrking og effektivisering av helse- og omsorgssektoren vil bli videreført.

Regjeringen vil fortsette arbeidet med å forbedre omsorgen for mennesker med psy-kisk utviklingshemming.

Det vil bli fremlagt en melding om egenbe-taling i helse- og sosialsektoren.

Regjeringen vil legge frem meldinger om Norsk Luftfartsplan for 1990—93 og om Norsk Postplan for 1990—93. Det vil videre bli lagt frem en melding om transportstandarden langs kysten fra Bergen til Kirkenes og om Televerkets virksomhet.

Innsatsen for å bekjempe kriminalitet skal fortsatt styrkes. Utrykningspolitiets oppgaver utvides til også å bekjempe miljø og narkotikakriminalitet.

Regjeringen vil bevare Den norske kirke som folkekirke. Reformarbeidet vil fortsette.

Jeg ber Gud signe Stortings gjerning og erklærer Norges 134. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesean av statsråd Oddrunn Pettersen.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

Arbeidet innanfor dei politiske og økonomiske samarbeidsorganisasjonane som Atlanterhavspakta, Europaratet, OECD og EFTA har stadig fått meir å seie i lys av den utviklinga som finn stad i aust-vest-tilhøvet og i integrasjonsprosessen i Vest-Europa.

Under det norske formannskapet i EFTA har Noreg lagt stor vekt på samarbeidet mellom EFTA-landa og EF med sikte på å gjere heile Vest-Europa til ein einskapleg marknad. I formannskapstida i Europaratet er det lagt særleg vekt på at rådet skal får styrka si rolle i aust-vest-dialogen. Noreg legg stor vekt på å ha så nær kontakt som mogleg med EF-landa og med det utanrikspolitiske samarbeidet, EPS. Den formaliserte kontaktdrillinga med Noreg stadfestar at EPS-landa på si side også legg stor vekt på samarbeid med Noreg om utanrikspolitiske spørsmål. Det tosidige samarbeidet med våre allierte både i Europa og Nord-Amerika er nært og godt og blir stadig utvikla vidare.

Norsk tryggingspolitikk byggjer på det politiske og militære samarbeidet i NATO. Noreg har stødd arbeidet i alliansen for å styrkje fellesforsvaret.

Ein ny fleirnasjonal styrke, NATO Composite Force, er øyremerk for innsats i Nord-Noreg. Den skal komme i staden for den kanadiske CAST-brigaden og er førebels sett saman av vesttyske, kanadiske, amerikanske og norske styrkar.

Gjennom drøftingar i NATO har Noreg arbeidd for framgang i arbeidet for rustingskontroll og nedrusting. På toppmøtet i NATO i mai i år vart det vedteke eit omfattande nedrustingskonsept. Alliansen er dessutan det viktigaste forumet for å samordne politikken i medlemslanda i den positive utviklingsprosessen som Europa no er inne i. Noreg har teke initiativet til ei vidare styrking av det politiske samarbeidet i NATO.

Regjeringa følgjer med interesse den demokratiseringsprosessen som no går for seg i fleire austeuropeske land. I forholdet til Sovjetunionen har Regjeringa gått inn for at ein skal halde fram med å utvikle det økonomiske samarbeidet, ikkje minst i dei nordlege områda. Regjeringa fører vidare arbeidet med å nå fram til semje om ei klar avgrensing mellom dei økonomiske sonene og kontinental-soklane til dei to landa i Barentshavet.

Oppfølgingsmøtet i Wien av Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, KSSE, representerer eit viktig gjennombrott i arbeidet med å skape konkrete mekanismar for å passe på at dei einskilde landa heldt seg til KSSE-skyldnadene på det menneskerettsslege området. Frå norsk side har ein peikt på brott på denne nye avtale både tosiktig overfor einskilde land og under Konferansen om den menneskelege dimensjonen i Paris i juni. Noreg står arbeidet med å leggje større vekt på miljøvernspørsmål i KSSE-samarbeidet.

I samband med Wien-møtet vart det semje om eit mandat for nye forhandlingar om konvensjonelle styrkar i Europa. NATO har under drøftingane gjort framlegg om snarlege og omfattande styrkeredusjonar på både austleg og vestleg side. Noreg tek del i drøftingane og i utarbeidingsa av dei vestlege framlegga innanfor alliansen.

Regjeringa har lagt vekt på aktiv norsk deltaking i arbeidet for rustingskontroll og nedrusting i FN og ved Nedrustingskonferansen i Genève. Det er lagt fram nye norske forskingsresultat i samband med forhandlingane om eit totalforbod mot kjemiske våpen og når det gjeld overvaking av ein omfattande kjernefysisk prøvestansavtale. Embetsmannsdrøftingane om ei kjernvåpenfri sone i nordisk område er ført vidare. Noreg har etter at vi gjekk ut som medlem av FNs menneskerettsskommisjon i 1988, halde fram med arbeidet for å styrkje det synet at krenkingar av menneskerettane, same kvar dei finn stad, kjem heile verdssamfunnet ved. Det aktive engasjementet på menneskerettssområdet har også vorte følgd opp innanfor KSSE-prosessen og i Europaratet.

Regjeringa har styrkt og ført vidare samarbeidet med Det Europeiske Fellesskapet.

Gjennomføringa av den indre marknaden i EF stiller Noreg overfor store utfordringar. Det er utarbeidd eit breitt informasjonsopplegg om utviklinga i EF og i europeisk samarbeid.

På møtet for regjeringsjefane innanfor EFTA i Oslo i mars, som vart halde etter norsk initiativ, vart ein samd om å arbeide mot eit nærmere og utvida samarbeid mellom EF og EFTA. Siktemålet er å få i stand et felles europeisk økonomisk samarbeidsområde. Eit etterfølgjande felles ministermøte for EF og EFTA stadfesta at det er interesse for eit samarbeid frå begge sider.

På bakgrunn av dette vart det oppretta ei styringsgruppe for EF og EFTA som i to fasar vurderer om det er mogleg å få i stand eit framtidig formalisert samarbeid, både når det gjeld dei praktiske sidene og dei rettslege og institusjonelle spørsmåla ved eit slikt samarbeid. Fire arbeidsgrupper har utført eit kartleggingsarbeid som er konsentrert om dei fire fridommene innanfor det indre marknadsprogrammet i EF; personar, varer, tenester og kapital, og utanforliggende område av felles interesse som miljøvern, forsking osv.

Parallelt med denne nye samarbeidsprosessen har Regjeringa lagt stor vekt på å følgje opp samarbeidet mellom EFTA og EF som er basert på Luxembourg-erklæringa av 1984. Det er semje om nye avtaler med EF på fleire område, og innanfor m.a. utdanning og turisme er samarbeidet utvida.

Regjeringa har også lagt vekt på å styrke og byggje ut dei tosidige kontaktane mellom Noreg og dei europeiske samarbeidspartnarene våre. Spesiell vekt har ein lagt på sambanda våre med EF-landa, der m.a. kontakten med dei sørlege landa er styrkt. Utviklinga i aust-vest-relasjonane og tilhøvet mellom EF og Aust-Europa har skapt ein ny dimensjon i det europeiske samarbeidet.

Gjennom OECD har Noreg med innverknad på viktige internasjonale rammevilkår. OECD er t.d. eit viktig kontaktpunkt til dei årlige toppmøta mellom dei sju leiande industrilanda. Aktiviteten i OECD på andre sentrale område som miljøvern og aust-vest-forholdet har også auka.

I det nordiske samarbeidet har Ministerrådet, etter sesjonen i Nordisk Råd i Stockholm, vedteke ein økonomisk handlingsplan for åra 1989–92. Planen tek sikte på å utvikle og betre den nordiske modellen, styrke Norden som heimemarknad og arbeide for nordiske løysingar som svar på utviklinga av den indre marknaden i EF. Ministerrådet har dessutan vedteke eit særskilt arbeidsprogram om Norden i Europa 1989–92. Programmet legg opp til å styrke Norden både innanfor dei nordis-

ke landa og overfor resten av Europa, særleg i forhold til EF på område der dei nordiske landa er sterke, som på miljø-, arbeidsmiljø- og forbrukarområda. Dei nordiske landa har vedteke ein arbeidsmiljøkonvensjon som vil medverke til å fremje det nordiske synet på arbeidsmiljøspørsmål i internasjonale fora.

Regjeringa har teke initiativ til å effektivisere arbeidsformene i ministerrådet.

Noreg held fram med å stille troppar til rådvelde for FNs fredsvernande styrkar i Sør-Libanon, og hjelper til med militære observatørar til observatørkorpsa i Midtausten, Kashmir, Iran–Irak og i Angola.

I april 1989 starta prosessen som skal sikre framtida til Namibia som sjølvstendig stat. For at dette skal lykkast, er det etter Regjeringa sitt syn avgjerande at FN er til stades. Noreg har etter oppmodning frå FN stilt 20 norske polititenestemenn til rådvelde i Namibia for ein periode på 9 månader. Noreg har også gjeve tilsegn om 25 valkontrollørar. Dette kjem i tillegg til Noregs regulære del av utgiftene til FN-styrken i Namibia. Noreg har dessuten hjelpt til med midlar for å sikre at heimsendinga av namibiske flyktningar kan gjennomførast.

Saman med dei andre nordiske landa planlegg Noreg no samarbeidsformer med Namibia etter at landet har oppnådd sjølvstende.

Regjeringa arbeider med å auke den internasjonale støtta til økonomisk boikott av Sør-Afrika. Særleg blir det i FN arbeidd med å vinne breiare oppslutning om å stanse all frakt av råolje til Sør-Afrika. Den indre opposisjonen i Sør-Afrika veks samstundes. Regjeringa har derfor lagt vekt på å styrke kontaktane med representantar for ymse organisasjonar innan opposisjonen. Den humanitære hjelpa til flyktningane frå Sør-Afrika har høg priorititet.

Noreg og dei andre nordiske landa har halde fram med drøftingane for å utvikle eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika, SADCC-landa. Dei landa det gjeld, er vortne samde om å opprette eit NOR-SAD-fond for å stimulere «joint ventures» mellom Norden og SADCC-regionen.

I dei ulike FN-organa og andre internasjonale fora har Noreg arbeidd aktivt for å betre dei økonomiske og sosiale vilkåra i utviklingslanda. Engasjementet i samarbeidet innanfor FN-konferansen om handel og utvikling, er ført vidare. Ein har her lagt vekt på å følgje opp sluttakta frå UNCTAD VII.

Gjeldskrisa i utviklingslanda er ein trussel mot det internasjonale handels- og finansieringssystemet samstundes som ho hindrar utviklingsprosessen i dei landa som blir råka. Noreg er med i det internasjonale samarbei-

det for å finne fram til langsiktige løysingar på gjeldsproblema. Gjennom ein styrkt internasjonal gjeldsstrategi, blir det no lagt større vekt på direkte gjeldslette for sterkt gjeldstygde utviklingsland.

Med sikte på å betre og stabilisere eksportinntektene frå råvaresektoren i utviklingslanda har Regjeringa vore med i eit internasjonalt råvaresamarbeid både innanfor dei eksisterande fora og i forhandlingar om nye avtaler.

Det felles fondet for råvarer tok til å verke i juni 1989. Noreg har her ei sentral rolle som bidragsytar til kontoen i fondet for finansiering av utviklingstiltak for råvaresektoren.

Arbeidet med å auke importen frå utviklingslanda er ført vidare. Tekstilar frå desse landa har vunne marknadsdelar i Noreg.

Noreg tek del i internasjonalt energisamarbeid, m.a. innanfor ramma av Det internasjonale energibyrået IEA, og innafor det nordiske samarbeidet. IEA's hovudoppgåve har frå starten vore sikker energiforsyning, men dei miljømessige sidene ved energipolitikken blir no tillagt aukande vekt.

På bakgrunn av tilrådingane om energipolitikk som vart lagde fram av Verdkommisjonen for miljø og utvikling, har Regjeringa sagt seg villig til å stå som vertskap for eit møte mellom oljeeksporterande og oljeimporterande land. Tanken er at møtet skal haldast på styresmaktpunkt. Frå norsk side blir det arbeidd med å avklare føresetnadene for eit konstruktivt møte som kan stimulere til ein breiare global energidialog som også tek om syn til miljøaspekta.

For å medverke til å stabilisere oljeprisane på eit rimeleg nivå har Noreg sidan 1986 avgrensa oljeproduksjonen. Avgrensinga utgjer 7,5 prosent i høve til det godkjende produksjonsprogrammet. Føresetnadene for dei norske tiltaka er at også andre oljeproduserande land, især OPEC-landa, gjennomfører effektive tiltak med sikte på å stabilisere oljeprisen på eit rimeleg høgt nivå.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å følgje opp rapporten frå Verdkommisjonen for miljø og utvikling, særleg innanfor FN-systemet. Dei fleste FN-organisasjonane er no godt i gang med å integrere målsetjinga om ei berekraftig utvikling i arbeidsprogramma sine.

I stortingsmeldinga om miljø og utvikling, som vart lagt fram våren 1989, blir det m.a. gjort framlegg om å opprette eit internasjonalt klimafond, bygd på tilskott frå industriellanda som svarer til 0,1 prosent av bruttonasjonalinntekta.

Noreg er internasjonalt forplikta til å redusere utsleppa av svoveldioksid med 30 prosent

frå 1980 til 1993. Som eit nasjonalt mål er det sett 50 prosent i det same tidsrommet. Ein har allereide redusert utsleppa med 40–50 prosent i høve til nivået i 1980.

Noreg skreiv i mars i år under Basel-avtala, som dreg opp retningslinjer for den internasjonale transporten av farleg avfall, og har vidare vedteke å ratifisere Sofia-protokollen om kontroll av utslepp av nitrogenoksid. Saman med andre vesteuropeiske land har Noreg skrive under ei politisk intensjonserklæring om å redusere nitrogenoksidutsleppa med om lag 30 prosent før 1998 i høve til utsleppa i 1986.

Utslepp av klorfluorkarbonar, KFK, er teke opp mellom partane til Montreal-protokollen. Møtedeltakarane har gjeve uttrykk for politisk vilje til m.a. å få slutt på all bruk av KFK innan år 2000.

Noreg har forplikta seg til saman med dei sju andre Nordsjø-landa å redusere utsleppa av næringssalt til sårbare område av Nordsjøen med 50 prosent innan 1995 i høve til utsleppa i 1985. Det er også vedteke at utslepp av miljøgifter til Nordsjøen skal reduserast med 50 prosent før 1995. Dei norske tiltaka tek sikte på å gå monaleg lenger enn dette.

Bonn-avtala av 1983 om å få ned kjemikaileureininga i sjøen tok til å gjelde i 1989.

Statsministeren tok saman med den franske og nederlandske statsministeren initiativ til eit møte i Haag i mars 1989 der vern av atmosfæren var temaet. Dei 24 stats- og regjeringssjefane som deltok, vedtok den såkalte Haag-erklaeringa.

Internasjonal varsling og utveksling av informasjon om eit atomuhell er særsviktig. Noreg har no avtaler med ei rekke land i Europa om varsling av atomuhell. Den siste vert underskriven i år med Nederland.

Innanlands har Regjeringa vedteke å opprette eit særskilt fagutval som skal samordne informasjon og tiltak ved eit atomuhell.

Det internasjonale forskings- og teknologisamarbeidet er under stadig utvikling. Innanfor ramma av den tosidige forskingsavtala med EF frå 1986 blir det arbeidd for å knyte norske forskingsinstitusjonar nærmare til forskingsprogramma og prosjekta i EF. Avtaler om full norsk deltaking i programma for miljøvernforskning, medisin- og helseforskning og SCIENCE, eit naturvitenskapleg grunnforskningsprogram, er alle godkjende av Stortinget.

Industrisamarbeidet mellom Noreg og EUREKA er framleis under utbygging. 41 verksamheter og 26 forskingsinstitusjonar deltek i dag frå norsk side. Dei norske EUREKA-skyldnadene er no på 855 millionar kroner, og av dette er ein fjerdedel finansiert over offentlege budsjett.

Det norske engasjement i COST-samarbeidet, det europeiske samarbeidet om vitskapleg og teknisk forsking, har like eins hatt eit monaleg oppsving. Noreg har engasjert seg i ei rekkje COST-prosjekt innanfor m.a. miljøvern, helse, informasjonsteknologi, bioteknologi og telekommunikasjon.

Med utgangspunkt i Noregs medlemskap i den europeiske romorganisasjonen ESA, held teknologiutviklinga fram gjennom norske industrileveransar til m.a. jordobservasjonsprogramma, som i sin tur gjev viktige bidrag til meteorologi og miljøvern. Noreg tek del i utviklingsprogramma for den europeiske romferja Hermes og den neste generasjonen av bærerakettar, Ariane 5. Noreg tek dessutan del i romstasjonsprogrammet Columbus, det europeiske bidraget til den internasjonale romstasjonen, som byggjer på ei samarbeidsavtale med USA, Canada og Japan.

Regjeringa har merka seg meldingar om at tungtvatn frå Noreg kan ha vorte brukt på ulovleg vis. Regjeringa ser alvorleg på dette og har vedteke forbod mot meir eksport av tungtvatn.

GATT-forhandlingane om å betre og utvide det multilaterale handelssystemet har vore gjennom ein svært aktiv periode. I desember 1988 vart det halde eit ministermøte der ein gjekk gjennom forhandlingane midtvegs i rundan. Her skulle ein også dra opp retningslinjene for dei vidare forhandlingane fram til avslutninga i 1990. Ministermøtet lykkast ikkje i å oppnå semje på alle dei 15 forhandlingsområda. Eit nytt møte vart halde i april der ein kom fram til semje på dei fire områda som stod att; mellom desse var jordbruket. Ved april-møtet fann Noreg det nødvendig å halde eit forklarande innlegg for å streke under kor viktige ikkje-økonomiske faktorar som miljøvern, distriktpolitikk, sikker tilgang på matvarer og sosiale omsyn er for norsk landbrukspolitikk. Noreg samarbeider nært med Finland, Island og Sverige i GATT-forhandlingane, og dei nordiske landa har komme med framlegg på dei fleste forhandlingsområda.

Noreg har i GATT forsvart det gjeldande norske importvernet for eple og pærer etter at USA hadde klaga importvernet for brott på GATT-reglane. Noreg vann ikkje fram, og rådet i GATT vedtok i juni panelrapporten der Noreg blir bede om å leggje om importvernet slik at det blir i samsvar med dei skyldnadene Noreg har etter regelverket.

I samsvar med ønske i Stortinget er kultursamarbeidet med utlandet lagt opp meir på prosjektbasis, samtidig som ein tek seg av dei pliktene som følgjer med dei kulturavtalene som gjeld. Såleis var det hausten 1988 arran-

gert ei Noregs-veke i Paris i samarbeid med næringslivet med fleire omfattande kulturinnslag. Liknande arrangement er under planlegging. Ei rekkje kulturavtaleprogram er reforhandla, m.a. med Hellas, Austerrike og Nederland. Ei rekkje utstillingar av ny og eldre biletkunst har vore arrangerte, og norske orkester, solistar, teaterensemble og filmar har presentert det kulturelle Noreg i utlandet.

Under Rådet for Noregs-informasjon har ein sett i gang eit prosjekt for å profilere Noreg sterke i utlandet fram mot og etter dei olympiske vinterleikane i 1994. Prosjektet tek m.a. sikte på ei sterke samordning av tiltak for å fremje norsk eksport, turistnæringa og kunnskap om Noreg i utlandet.

Det førebuande arbeidet til norsk deltaking på verdsutstillinga i Sevilla i 1992 har teke til, m.a. gjennom samarbeid mellom offentlege og private interesser.

Aktiviteten overfor utanlandske presse er intensivert. Hendingar som nobelprisutdelinga, EFTA-formannskapet og pavevitjinga i Noreg drog store grupper journalistar til landet, også frå område og media ein tidlegare ikkje har hatt i tale. Dette prøvde ein å utnytte til å få formidla generell kunnskap om Noreg, der også næringsslivet og turistnæringa vart dregne inn.

Internasjonaliseringa av norsk næringsliv og auka konkurranseevne er viktig som eit ledd i å auke vekstevna i fastlands-Noreg. Ein arbeider for å effektivisere og samordne den offentlege innsatsen for eksport og internasjonalisering. Regjeringa arbeider også med eit framlegg til nasjonal eksportstrategi som omfattar både det offentlege apparatet og næringsslivet.

Det økonomiske og handelspolitiske samarbeidet med Sovjetunionen og dei austeuropeske landa er ført vidare i samsvar med det avtaleverket som ein har. Det økonomiske og handelspolitiske samarbeidet med Kina blir vurdert i lys av den politiske utviklinga i landet.

Arbeidet med å styrke det administrative apparatet og å revidere og ajourføre regelverket for eksport av strategiske varer, tenester og teknologi er gjennomført. Særleg er det lagt vekt på å betre samarbeidet mellom den delen av forvaltinga som utførar lisensar, og tollstyresmaktene, styrke kompetansen i Utanriksdepartementet og utvide informasjonsopplegget og samarbeidet med næringslivet. Noreg engasjerer seg aktivt i arbeidet for å forenkle COCOMs regelverk, og i eksportkontrolltiltak med sikte på å hindre spreiling av kjemiske våpen.

Det høge nivået for norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei

totale utbetalingane i 1988 var på nær 6,5 milliardar kroner og utgjorde 1,11 prosent av bruttonasjonalinntekta mot 1,09 prosent i 1987.

Midlane fordelte seg med 53,9 prosent til tosiktig hjelp, 42,6 prosent til fleirsidig hjelp og 3,5 prosent til administrasjon.

Regjeringa har gjennomført ei reorganisering av u-hjelpsforvaltninga. Direktoratet for utviklingshjelp vart skilt ut som eit frittståande direktorat med verknad frå 1. april 1989. Målet er å gjere u-hjelpsforvaltninga meir rasjonell og målretta. Departementet vil dermed betre kunne konsentrere sitt arbeid om overordna planlegging, politisk styring og oppfølging.

For å effektivisere og konsentrere den tosiddige hjelpana blir det lagt vekt på å konsentrere seg om einskilde regionar og å styrke det regionale samarbeidet. Land i Afrika sør for Sahara er høyt prioriterte, og det er lagt særleg vekt på å styrke samarbeidet mellom SADCC-landa. Av den totale tosiddige utviklingshjelpana i 1988 vart 60,5 prosent overført til landa i Afrika. Av dette tok dei fem hovudsamarbeidslanda imot nærmere 70 prosent.

Regjeringa har ført vidare den sterke opptrappinga av innsatsen i Mellom-Amerika. Målet er å styrke freds- og demokratiseringsprosessen og medverke til økonomisk utviklingssamarbeid i regionen. Stønaden til regionale institusjonar og tiltak som fremjer samarbeid landa imellom, er auka. Våren 1989 vart det dessutan løyvt ekstraordinær stønad til Nicaragua som ledd i ein internasjonal hjelpeaksjon for å stø opp om planen for økonomisk restrukturering i landet.

Stønaden til utviklingsprosjekt og humanitært hjelpearbeid som blir utført av frivillige organisasjonar, er vorten ein stadig viktigare del av norsk hjelpepolitikk. Samla vart om lag 28 prosent av den reine tosiddige hjelpana kanalisert gjennom frivillige organisasjonar i 1988.

Oppfølginga av tilrådingane frå Verdkommisjonen for miljø og utvikling om å medverke til ei sosial og økonomisk utvikling som ligg innanfor dei rammene som miljø og naturressursar tillet, er gjevene høg priorititet. Stønaden til miljøtiltak er auka, og arbeidet med å integrere miljøomsyn i alle programma og prosjekta er intensivert. Også arbeidet med å integrere kvinnene sterkt i utviklingsprosessen er ført vidare og styrkt.

Regjeringa har sett i verk ei rekke tiltak der ein legg langt meir vekt på produktive og sysselsetjingsskapande prosjekt i samarbeidslanda våre. Stortingsmeldinga om næringslivsordningane er følgd opp ved at ein har oppretta ei ny garantiordning ved investeringar og eksport til utviklingsland og ved å ta del i Nordisk utviklingsfond. Det er gjennom-

ført evalueringar av investeringsordninga og av ordninga for blanda kredittar og parallelfinansiering.

Evaluering av hjelpe tiltak er ein viktig reiskap for å effektivisere og målrette verksamda. Ein har m.a. gått igjennom kvinneløyvinga og verksemda til fredskorpset det siste året.

Utbetalingane til fleirsidige hjelpeorganisasjonar auka med 12,4 prosent i høve til 1987. Dei største mottakarane var FNs utviklingsprogram, UNDP, og Det internasjonale utviklingsfondet, IDA. Det vart vidare gjeve monaleg stønad til matvarehjelp, Det afrikanske utviklingsfondet, FN-barnefondet, UNICEF, FNs befolkningsfond, UNFPA, og arbeidet til Verdshelseorganisasjonen, WHO, har fått ein monaleg auke i kampen mot AIDS.

Verksemda i Forsvaret har i perioden vore driven etter dei retningslinjene som er dregne opp for femårsperioden 1989–93.

For raskare å kunne redusere den lange køen av vernepliktige i ei tid med stor arbeidsløyse blant ungdom, fekk forsvarsbudsjettet for 1989 auka løyvingar som svarte til ein realvekstauke på om lag 1 prosent utover framleget i femårsplanen.

Leveransane av avdelingsluftvern er i godt gjenge. I samarbeid med Danmark og Nederland blir feltarilleriet modernisert. Ein held fram med å fornye kjøretøyparken i Hæren. Utviklinga av det taktiske digitale kommunikasjonssystemet i Hæren blir ført vidare.

Den første av i alt seks nye undervassbåtar av ULA-klassen er motteken, og kontrakt om leveranse av torpedoar til desse båtane i perioden 1989–92 er underskriven.

Programmet for modernisering av ni Sea King-helikopter og kjøp av eitt nytt helikopter er sett i gang. To F-16-fly vart leverte i august 1989. Leveringa av nye Bell 412-helikopter til Luftforsvaret held fram etter planen. Innkjøp av maritime overvakingsfly av typen P-3C går etter planen, og ein har teke imot det første flyet. Leveransane av rakettluftvernssystemet Norwegian Adapted Hawk, NOAH, er inne i avslutningsfasen. Ein forstudie som gjeld framtidig rakettssystem for luftforsvar av Sør-Noreg, er gjennomført.

Arbeidet med å effektivisere verkstadtenesta og med den vedlikehaldet i Forsvaret held fram. Det blir utført sikringsarbeid på lager av våpen, ammunisjon, sprengstoff m.m. som hører Forsvaret til.

I tillegg til NATO finn vårt internasjonale engasjement stad innanfor Independent European Programme Group, IEPG. Hovudoppgåva til IEPG er å utvikle det europeiske samarbeidet når det gjeld forvarsmateriell, -teknologi og -industri. Noreg tok i 1989 over for-

mannsvervet i panel I i IEPG, som tek seg av å harmonisere nasjonale materiellplanar og koordinere samarbeidsprosjekta i IEPG.

Fase III av utbygginga av kystartilleri til forsvar av innløpa til Harstad, Narvik og Trondheim blir ført vidare.

Arbeida med førehandslagra for ein amerikansk marineekspedisjonsbrigade er fullførte.

Forsvaret har, m.a. for å bøte på arbeidsløysa blant ungdom, auka innkallinga av vernepliktige med 2 900 mann i 1989. I tillegg vart arbeidsledige prioriterte både ved innkalling til førstegongsteneste og ved utkalling til FN-styrkane.

På bakgrunn av den sjømilitære utviklinga har det dei seinare åra oppstått eit aukande behov for forsyningsstøtte frå land til den allierte atlanterhavsflåten når den opererer i nordlege havområde med lange og sårbarer forsyningsslinjer til heimebasane. Forsvarssjefen har på denne bakgrunn fått fullmakt til i samarbeid med amerikanske styresmakter å greie ut korleis norske og allierte behov for ei avgrensa utviding av norsk forsyningsstøtte kan møtast og bli teknere vare på innanfor ramma av dei avtalane som ligg føre.

Folkemengda pr. 1. juli 1989 var 4 228 800 etter førebels tal. Tilveksten i første halvår var vel 8 100. Nettoinnflyttinga i første halvår i år var 400 mot 5 600 i første halvår i 1988.

Folketalet i Noreg auka i 1988 med 22 300, som er om lag same auken som året før. Nettoinnflyttinga frå utlandet minka med vel 3 600 i høve til året før, til 10 200. Samstundes auka talet på fødde med vel 3 400, til 57 500. Dette førte til ein auke i talet for samla fertilitet på 5 prosent i 1988, til 1,84.

Ved utgangen av 1988 var 14 prosent av folkemengda 67 år og eldre. Vel 20 prosent var under 16 år. Det var på same tid registrert 136 000 med utanlandske statsborgarskap. Av desse var vel 74 000 av europeiske nasjonalittar. Talet på utanlandske statsborgarar auka med 12 000 i 1988.

Førebels oppgåver over varebytet med utlandet syner at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1989 var 67,4 milliardar kroner. Verdien var 1,6 milliardar kroner mindre enn i fjor. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer var 88,5 milliardar kroner i same perioden eller 21,1 milliardar meir enn i januar-juni 1988. Av utførsla i dei første seks månadene utgjorde råolje og gass 35,3 milliardar kroner, mot 24,9 milliardar kroner i fjor.

I januar-mai 1989 var det eit eksportoverskott for varer på i alt 13,9 milliardar kroner mot eit importoverskott på 0,6 milliardar kroner i januar-mai 1988. For tenester var det eit eksportoverskott på 1,6 milliardar kroner i

januar-mai 1989 mot 0,3 milliardar kroner i same periode i 1989. For renter og stønader var det eit underskott i januar-mai 1989 på 12,1 milliardar kroner mot 8,6 milliardar kroner i januar-mai 1988.

For perioden januar-mai 1989 var det eit overskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 3,4 milliardar kroner mot eit underskott på 8,9 milliardar kroner i januar-mai 1988. Overskottet på driftrekneskapen for januar-mai 1989 og ein netto inngang av langsiktig kapital på 11,3 milliardar kroner vart motsvart av ein netto utgang av kortsiktig kapital på 14,7 milliardar kroner.

Den norskregistrerte handelsflåten auka med 2,2 millionar bruttotonn i første halvår i år og var på 15,1 millionar bruttotonn ved utgangen av juni 1989. 1 058 skip på til saman 1,6 millionar bruttotonn var registrerte i Norsk Ordinært Skipsregister medan 565 skip på til saman 13,5 millionar bruttotonn var registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister.

Ved utgangen av juni 1989 var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 1,0 million bruttotonn. Det er ein auke på 0,7 millionar bruttotonn frå juni 1988. Fraktratane gjekk noko opp i 1988 og dei første månadene i 1989. Ved utgangen av juni 1989 låg ein svært liten del av handelslåten i opplag. I juni var det registrert 20 norske plattformer og boreskip.

I 1988 auka fraktinntektene frå skipsfarten kraftig. Brutto fraktinntekter frå skipsfarten utgjer no 15 prosent av eksportinntektene våre, og netto fraktinntekter er på 10,4 milliardar kroner.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei seks første månadene av 1989 15,9 prosent høgare enn i same periode i 1988. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 28,4 prosent medan industrinæringane synte ein nedgang på 1,4 prosent. Det var ein produksjonsnedgang på 0,9 prosent i skjerma industri og ein nedgang på 3,0 prosent i heimekonkurrerande industri. Utekonkurrerande industri og bergverksdrift hadde ein auke på 2,1 prosent i høve til same perioden året før.

Produksjonen av olje og gass på den norske kontinentalsokkelen var i 1988 86,5 millionar tonn oljeeiningar mot 79,4 millionar tonn oljeeiningar i 1987.

Investeringskostnadene til faste installasjoner og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1988 nær 24 milliardar kroner. Det er om lag 13 prosent mindre enn året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i 4,2 milliardar kroner, ein nedgang på nær 800 millionar kroner frå året før.

21 selskap søkte om delar og operatøropp-

gåver på blokkene som vart lyste ut i den 12. konsesjonsrunden, del B. Det vart i mars 1989 tildelt 13 blokker og 9 utvinningsløyve.

Rørleidningslova, som vil regulere bygging og drift av eventuelle rørleidningar over land, er under førebuing. Lova må sjåast i samanheng med arbeidet for å etablere ein marknad for gass i Skandinavia. Ein vurderer no ulike kjeldeval og transportløysingar for gass til denne marknaden.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1988 8 644 millionar liter. Det er ein reduksjon frå året før på 3,8 prosent. Totalsalet i første halvår 1989 var på 4 072 millionar liter, ein nedgang på 2,2 prosent samanlikna med same perioden i 1988.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1988 110,1 milliardar kilowatt timer (TWh), 5,5 prosent høgare enn i 1987. I første halvåret 1989 var produksjonen av kraft 59,6 TWh. Det er ein oppgang på 9,2 prosent i høve til første halvår i 1988. I 1988 var det eit eksportoverskott på 5,7 TWh mot berre 0,4 TWh i 1987.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft gjekk i første halvåret i 1989 ned med 1,8 prosent i høve til same tidsrommet året før. I tolvmåndarsperioden juli 1988 til og med juni 1989 var bruttoforbruket av kraft 103,5 TWh, ein oppgang på 0,4 prosent i høve til same perioden eitt år tidlegare.

Magasinfillinga var i midten av juli 1989 91,3 prosent, mot 76,9 prosent på same tida i fjor. Det har vore ein tilvekst i magasinkapasitet, slik at den prosentvisje oppfyllinga i år er rekna av ein større magasinkapasitet. Energimengda i magasina var i midten av juli i år rekna til 70,3 TWh, mot 58,9 TWh på same tid i fjor.

I 1988 auka installert maskinkapasitet med 421 megawatt (MW) og fastkraftproduksjonssevna med om lag 0,3 TWh. I første halvåret i 1989 var tilveksten i installert maskinkapasitet 50 MW, og fastkraftproduksjonsevna auka med om lag 0,2 TWh.

Nedgangen i det private forbruket dei seinare åra har ført til redusert omsetningsvolum i varehandelsnæringa. I detaljhandelen vart det volumet ein omsette for i 1988, redusert med 8,1 prosent samanlikna med 1987. Det var særleg nedgangen i omsetningsvolumet for varegruppa motorkjøretøy og bensin som drog ned den samla omsetninga i detaljhandelen.

I 1988 vart det omsette volumet i engros-handelen redusert med 8,5 prosent samanlikna med omsetninga i 1987. Første kvartalet i 1989 vart omsetningsvolumet redusert med 11,2 prosent i høve til same perioden i fjor.

I detaljhandelen vart sysselsetjinga redu-

sert mot slutten av 1988, og i 1. kvartal 1989 har nedgangen halde fram. I engros- og agenterhandelen auka sysselsetjinga i 1988, men auken stansa opp dei første månadene av 1989.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i år låg i gjennomsnitt 4,7 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarende tal året før var 7,0 prosent.

Sysselsetjinga gjekk klart ned frå 1987 til 1988. Særleg mot slutten av 1988 fann det stad ein kraftig nedgang i talet på sysselsette personar. Denne utviklinga heldt fram inn i 1989, men frå 1. til 2. kvartal i år auka sysselsetjinga att med 16 000 etter tala i Arbeidskraftundersøkinga. Talet på sysselsette var likevel 59 000 eller 2,8 prosent lågare i 2. kvartal i 1989 enn i same kvartal året før. Talet på utførte vekeverk gjekk endå sterke ned, med 4,1 prosent i denne perioden, noko som tyder på at den gjennomsnittlege arbeidstida pr. veke er vorten redusert.

Fordelt på næringane var nedgangen i sysselsetjinga størst innanfor byggje- og anleggsvirksomd, industri, forretningsstesteyting og varehandel.

Tilgangen på ledige stillingar ved arbeidskontora gjekk kraftig ned i 2. halvår i 1988. I første halvår i 1989 har tilgangen auka svakt, men den ligg framleis under nivået for 1. halvår 1988. Tilgangen på ledige stillingar har gått mest ned innanfor industri, bygg og anlegg og transport- og kommunikasjonsarbeid.

I gjennomsnitt var det 49 336 registrerte ledig i 1988, og av desse var det 29 944 menn og 19 342 kvinner. Svikten i sysselsetjinga i 1988 førte til at talet på registrerte ledige auka med om lag 103 prosent frå 42 626 til 86 619 dei 12 månadene fram til januar 1989. I august i år var talet på registrerte ledige 90 404.

Arbeidsløysa har gått opp i alle delar av landet. Hardast råka er Hordaland, Aust-Agder og Sør-Trøndelag med ei arbeidsløysa på meir enn 5 prosent i august 1989. Akershus og Sogn og Fjordane har den lågaste arbeidsløysa med etter tur 2,5 og 2,8 prosent i august.

Arbeidsløyseauken det siste året har vore sterkest for menn. Frå august 1988 til august 1989 auka talet på ledige menn med 74,7 prosent mot 62,7 prosent for kvinner. Sterkast var auken i registrerte ledige i aldersgruppa 25 til 29 år, både for menn og kvinner. For denne gruppa auka arbeidsløysa med 93,5 prosent. For ungdom under 20 år auka arbeidsløysa med 21,8 prosent frå august 1988 til august 1989.

Talet på langtidsledige har auka mykje hittil i år samanlikna med 1988. I august 1989 var det 15 800 fleire langtidsledige enn året før. Den delen som dei langtidsledige utgjer av

alle arbeidsledige, har auka frå 23,6 prosent i august i fjor til heile 32,7 prosent i august i år. Grunnen til dette er den sterke auken av nye arbeidsledige i 2. halvår 1988.

Utover hausten 1988 fann det stad ei sterk opptrapping av arbeidsmarknadstiltaka. I november 1988 var det totalt 27 476 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak. Det er 7 245 fleire enn eitt år tidlegare. Opptrappinga av tiltaka heldt fram i 1989. I april hadde talet på personar som var sysselsette i arbeidsmarknadstiltak, nådd opp i 50 665 totalt. Av desse var 11 664 på attføringsstiltak. I sommarmåndene har det vore ei viss nedtrapping av tiltaka pga. ferieavvikling, men talet på personar sysselsette i arbeidsmarknadstiltak var i slutten av august igjen komme opp i om lag 45 000. Det er lagt særleg vekt på kvalifiseringstiltak og tiltak retta mot ungdom, i tillegg til den nye tiltaket «Arbeid for trygd».

Regjeringa har sett i verk ulike tiltak for å dempe arbeidsløysa. Det er m.a. oppretta fleire studieplassar, lærlingordninga er styrkt, ein har forsert statlege bygg- og vegprosjekt, ein har sett i gang ekstraordinært vedlikehald av statlege bygg, sett fart i arbeidet med reinseanlegg i kommunane og auka rammene til m.a. Husbanken.

Den distriktpolitiske innsatsen er styrkt som følgje av aukande regional ubalanse. Frå og med 1986 er denne ubalanse vorten noko mindre. Særleg har Nordland og Finnmark hatt tilbakegang i folketalet i 80-åra. I distriktpolitikken er Nord-Noreg særleg prioritert.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1988 tilsegn om lån, nye garantiar for lån, investeringstilskott og bedriftsutviklingstilskott med i alt 2 223 millionar kroner. Av den samla stønaden frå fondet gjekk 42 prosent til Nord-Noreg, 4 prosentpoeng meir enn året før.

For 1988 vart det gjeve tilsegn om tilskott til kommunale utbyggingstiltak med i alt 264 millionar kroner. Stønaden til kommunalt tiltaksarbeid er aukande.

I 1989 er det løyvt 129 millionar kroner til kommunale næringsfond. I alt har 183 kommunar teke imot til saman 239 millionar kroner til kommunale næringsfond.

Det er løyvt 75 millionar kroner i kompensasjon til kommunane på Ytre Helgeland fordi base- og driftsfunksjonane for Heidrun-feltet ikkje vart lokaliserte dit.

Selskapet for industrivekstanlegg, SIVA, har engasjert seg på 20 stader i Noreg. Ved årsskiftet 1988/89 hadde selskapet i alt bygd ut 240 000 m<sup>2</sup> industrilokale. Det er utarbeidd ein ny strategi som skal gjere SIVA til eit selskap som er meir i pakt med tida, ved å vri verksemda frå tilrettelegging for produksjons-

orientert industri til aktivt å hjelpe til med å utvikle kunnskaps- og teknologibaserte verksamder.

Det vart i 1988 sett i gang bygging av om lag 28 000 bustader, 1 000 færre enn i 1987. I første halvår i år ligg bustadbygginga noko lågare enn året før. Det er særleg den privatfinansierte bustadbygginga som sviktar. Med den monalege auken i rammene til Husbanken i vår for å styrke sysselsetjinga har bustadbygginga som venta teke seg opp den siste tida.

Det gjennomsnittlege bruksarealet pr. igangsett bustad har i samsvar med opplegget til Regjeringa vorte redusert med om lag 13 prosent i første halvår i år i høve til i fjor.

Oppbygginga av eit statleg mottaksapparat for asylsökjarar er no inne i sluttfasen. Det er lagt opp til ein nøktern, men forsvarleg standard, med stor bruk av sjølvhushaldsløysingar. Det er vidare lagt vekt på eit fleksibelt mottaksapparat som ein raskt skal kunne tilpasse endringar i tilstrøyminga av nye asylsökjarar.

Det har det siste året vore arbeidd med å leggje til rette informasjonsverksemda, og med å forme ut regelverk og valtekniske førebuingar i samband med skipinga av Sametinget.

Arbeidstilsynet er styrkt med sikt på å redusere risikoen for skadar som følge av kjemikaliar i arbeidslivet.

I kommunenesektoren har ubalanse mellom inntekter og utgifter auka. Underskottet før låntransaksjonar vart på om lag 9 milliardar kroner.

Av dei 20 kommunane og 6 fylkeskommunane som har status som frikommunar, er det godkjent vedtekter for i alt 18 kommunar og 4 fylkeskommunar. I alt er det sett igang om lag 40 prosjekt.

Forsøka femner over store delar av det kommunale verksemdsområdet og kan grovt delast inn i fire hovudgrupper: styring og organisering, tilsyn og kontroll, anke, brukaromsyn og lokal tilpassing og administrativ forenkling.

Etter ein uvanleg mild vinter vart det tidleg vår, og planteveksten kom tidleg i gang i dei fleste strøk av landet. Ei langvarig tørkeperiode i Sør-Noreg førte likevel til redusert vekst der. I sørlege og vestlege delar av Aust-Noreg er kornavlינגane under eit normalår. På grunn av mykje nedbør i våronna reknar ein med reduserte avlingar også i Trøndelag.

Grasavlinga på eng og beite vart svært god i heile landet. Nedbør i juli sikra gjenveksten på eng og beite. Potetavlinga ser også ut til å bli rimeleg god.

Vêrtilhøva har gjeve mindre bær- og frukt-

avlingar enn normalt. Grønsakavlingane ser ut til å bli rundt det normale over heile landet.

Reaktorulykka i Tsjernobyl i 1986 gjer det framleis nødvendig med tiltak for produsentar som har dyr på utmarksbeite.

Mjølkeproduksjonen for 1989 er rekna til å bli 1 785 millionar liter kumjølk og i underkant av 26 millionar liter geitemjølk. Det er 10 millionar liter mindre kumjølk og noko mindre geitemjølk enn det som vart produsert i fjor. Det er no oppnådd balanse i mjølkeproduksjonen. Konsumsalet sett under eitt er stabilt, men overgangen frå heilmjølk til lett-mjølk og skumma mjølk er framleis stor. Det er no større forbruk av lett-mjølk enn av heilmjølk. Salet av meieriprodukt, særleg magerprodukt, auka i første halvår i år.

Det er venta mindre endringar i produksjonen av storfe- og sauekjøtt i år, medan produksjonen av svinekjøtt vil bli monaleg redusert. Samstundes er det ein relativt stor nedgang i forbruket av kjøtt, slik at det vil bli eit ganske stort overskott av kjøtt i 1989, fordelt på alle dei tre kjøttslagene.

Vanskelege marknadsforhold har ført til at store delar av pelsdyrhaldarane i Noreg har underskott i drifta. Det er sett av økonomiske midlar til gjeldsnedskriving og kostnadsreduserande tiltak.

Landbruket er inne i ein periode med sterke opprioritering av miljøtiltak og ressursdisponering. Det blir særleg arbeidd med å stanse punktutslepp, redusere erosjon og arealavrenning, redusere bruken av plantevernmiddel, utvikle meir miljøvennlege driftsformer og ta vare på kulturlandskapssverdiar. Landbruksstatalet driv ei omfattande rettleatings-, informasjons- og kontrollteneste på dette feltet.

I skogbruket vart det i driftsåret 1987/88 avverka 10,4 millionar kubikkmeter skogvirke til sal og industriell produksjon. Det er meir enn i noko år tidlegare. Førebels rapportar tyder på at avverkinga blir høg også for driftsåret 1988/89.

Treforedlingsindustrien fekk ein samla auke i tilførsla av norsk virke på 12 prosent i 1988. Dette reduserte behovet for import av virke med 0,5 millionar kubikkmeter.

Overvakningsprogrammet for friskleiken i skogen vil vere ferdig utbygd over heile landet i 1989. Dette vil gje raske observasjonar av endringar i tilstanden i skogen på grunn av luftureining o.l.

Jordbruksforhandlingane i år enda med avtale mellom staten og Norges Bondelag. Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut forhandlingane. Oppgjeren inneber at moderasjonslinja i lønnsoppgjeren også blir gjennomført for jordbruksstatalet. Det vart gjeve tillegg slik at inntekter og levekår i jordbruksstatalet skal auka på linje med

industriarbeidarlønna frå 1988 til 1989. Av om-syn til økonomien i landet var det heller ikkje i år mogleg å føre inntekta i jordbruksstatalet opp på same nivået som undustriarbeidarlønna. I ramma for oppgjeren vart det innrekna ein kompensasjon for nedsetjing av arbeidstida i industrien og auka levekårsfordelar for jordbruksstatalet som ei følgje av endringar i skattereglane.

Ved fordelinga av inntektsramma vart det framleis lagt vekt på utjamning mellom distrikta. Størst tillegg vart det gjeve til mjølkeprodusentane og dei som held sau i distrikta. Oppgjeren markerer også ei sterke satsing på miljøtiltak.

Utbyttet av fisket var i første halvår 935 000 tonn målt som rund vekt mot 954 000 tonn første halvår 1988. Førstehandsverdien var i første halvår om lag 2 266 millionar kroner, som er om lag 180 millionar kroner mindre enn i same tidsrom i fjor.

Kvantumet av torsk og sei viser ein mindre auke, medan verdien av torsksektoren har gått ned med om lag 170 millionar kroner samanlikna med same tidsrom i fjor.

Av industrifisk er det landa om lag 64 000 tonn meir, og av sild om lag 55 000 tonn mindre i første halvår samanlikna med same perioden i fjor.

Av oppdrettsfisk vart det i første halvår omsett 49 000 tonn til ein verdi av 1 700 millionar kroner, mot 33 950 tonn og 1 340 millionar kroner i første halvår 1988.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 3 954 millionar kroner pr. 31. mai 1988 til 4 059 millionar kroner pr. 31. mai 1989.

Noreg, Grønland/Danmark og Island har etter sju års drøftingar vorte samde om ei avtale som regulerer fisket etter lodde ved Grønland, Island og Jan Mayen. Avtala vart underskriven 31. mai i år og gjeld fram til utgangen av april 1992.

Forskarane i Det internasjonale havforskningsrådet, har i 1989 påvist eit overfiske frå EF si side på dei ulike sildekotane. Dette er eit brott på avtala frå 1986 mellom Noreg og EF.

Ressurssituasjonen for norsk-arktisk torsk har i år kravd svært strenge reguleringar. Frå 18. april i år vart det innført forbod mot å fiske torsk nord for 62° N med konvensjonelle reiskapar.

Staten og Norges Fiskarlag vart for 1989 samde om ramma for fiskeristøtta og om fordeling av støtte på tiltak. Samla støtte auka i 1989 samanlikna med åra 1988 og 1987.

Innan havbruk er maksimal storleik for lakseanlegg heva frå 8 000 til 12 000 kubikk-meter oppalsvolum.

## Forhandlinger i Stortinget nr. 3.

33

1989. 11. okt. — Åpning av det 134. ordentlige Storting

Innstramminga i det private forbruket og nedgangen i investeringane har redusert den totale transportetterspørsselen, slik at utviklinga med høg trafikkvekst dei siste åra har stansa. Persontrafikken, målt i personkilometer, viste ingen auke i 1988, mens godstransporten innanlands auka med om lag 4 prosent.

Det er no over 1,6 millionar personbilar i Noreg, det vil seie at det gjennomsnittleg er 2,6 innbyggjarar pr. personbil. Nybilsalet gjekk sterkt tilbake i 1988 og i første halvdel av 1989, og personbiltrafikken stagnerte med ein vekst på berre 0,1 prosent i 1988 mot ein vekst på 5 prosent året før.

Men stagnasjonen i personbiltrafikken har ikkje ført til auka kollektivtrafikk. Kollektivedelen, som i 1980—81 var oppe i over 26 prosent, er no nede i 21 prosent i 1988, med det resultat at rutebilar, sporvegar og forstadsbanar frakta færre passasjerar i 1988 enn i 1980.

Nedgangen for NSB vart dobbelt så stor i 1988 som i 1987, og det gjeld både person- og godstrafikken. Sterkast nedgang hadde godstransporten utanom Ofotbanen som gjekk ned med 10 prosent. På Ofotbanen auka malmtransporten med 7 prosent i 1988. NSBs persontrafikk gjekk ned med 3,5 prosent. Særleg er det dei lange reisene som har vist nedgang. Første halvdel av 1989 har likevel vore meir positiv for NSB.

Flytrafikken har også merka stagnasjonstendensane. Veksten i transportarbeidet på knappe 2 prosent i 1988 er den lågaste sidan 1980.

Ferjetrafikken hadde ein vekst på 3 prosent for bilar og ein nedgang på 1 prosent for passasjerar. 156 ferjesamband på riks- og fylkesvegnettet vart trafikkerte av ein flåte på 236 ferjer.

Transport med skip er framleis den viktigaste måten å frakte gods på i Noreg, målt i tonnkilometer. Men skipstransporten har gått ned det siste tiåret. Utan oljetransporten ville nedgangen vore langt større. Skip står for tre fjerdedelar av godstransporten når vi inkluderer transport av eksport- og importvarer på norsk område.

Det offentlege vegnettet var på 88 578 km ved utgangen av 1988. Dette er ein auke på 739 km i forhold til same tidspunkt året før. Riksvegnettet er til saman 26 031 km med 97 prosent fast dekke. Av heile det offentlege vegnettet har 68 prosent fast dekke. På 74 prosent av riksvegnettet var det tillate med 10 tonn aksellast utanom teleloysinga, mot 71 prosent året før.

I 1988 vart det opna 197 bruer på riksvegnettet. Av desse var det 28 gang- og sykkelvegbruer.

I alt 31 kilometer vegg tunnel vart opna i 1988. Dette er meir enn nokon gong tidlegare.

I Oslo sto Vålerengtunnelen ferdig etter at nordgåande løp vart teke i bruk i 1987. I Sør-Trøndelag vart Værertunnelen på den nye E-6 aust for Trondheim opna. Fløyfjelltunnelen i Bergen sto ferdig for trafikk i begge retningar, og Kvalsundtunnelen i Troms vart opna.

I 1988 vart 85 ulykkespunkt og 27 ulykkesstrekningar utbetra. I same perioden vart det bygd 89 kilometer nye gang- og sykkelvegar. I tilknyting til riksvegnettet er det no bygd 1 771 kilometer gang- og sykkelvegar.

I 1988 vart 11 340 personar drepne eller skadde i trafikken. Dette er ein nedgang på vel 1 prosent frå 1987, ei svært lita forbetring samanlikna med året før, då talet på drepne eller skadde gjekk ned med 7,8 prosent. 378 personar vart drepne i trafikken i 1988, ein nedgang på 5 prosent, mot ein nedgang på 11,9 prosent året før.

«Aksjon skoleveg» på fylkesvegar og kommunale vegar vart vidareført i 1988. Det vart i 1988 hausta gode erfaringar med automatisk fartskontroll på delar av riksvegnettet som er særleg utsætte for ulykker.

Det er sett i gang og planlagt fleire tiltak for å redusere ureiningane på transportsektoren. Blant dei viktigaste er innføringa av blyfri bensin og påbodet om bruk av katalysator på alle nye bensindrivne personbilar frå 1. januar 1989. Ein konsekvens av dette tiltaket er at blyureining om få år ikkje lenger vil rekkest som noko alvorleg miljøproblem i Noreg.

Telefontrafikken innanlands auka med 8,5 prosent frå 1987 til 1988. Til utlandet auka telefontrafikken med nesten like mykje, 7,5 prosent. Ved slutten av 1988 var det installert i alt 1,97 millionar telefonabonnement, ein auke på nær 70 000 abonnement i 1988. Telefontettleiken i Noreg var på 47,8 pr. 100 innbyggjarar.

Etter å ha hatt ein jamn auke i fleire år flata posttrafikken ut i 1988 med ein vekst på 1,8 prosent. Postgirotenesta auka likevel merkbart med 15 prosent fleire konti.

Postverket er inne i ei omorganisering i tråd med forslag godkjent av Stortinget. Det blir arbeidd med å auke effektiviteten. Ved utgangen av 1988 var 477 postkontor i full drift med det nye databaserte skrankemaskinsystemet.

Passasjertrafikken over norske flyplassar auka med 2,2 prosent i 1988. Trafikken over Fornebu og Gardermoen var i 1988 på om lag 7,3 millionar passasjerar, 3 prosent meir enn året før.

I siste halvår i 1988 minskte flytrafikken og nedgangen har halde fram i 1989. Størst var nedgangen i chartertrafikken til utlandet som gjekk tilbake med heile 45 prosent i første halvår av 1989.

Eksperimentet med sekundære prøveruter

har ikkje gjeve gode resultat. Fleire flyruter er innstilte. Av 36 løyve gjevne i 1986 eller seinare, er for tida berre 13 i heil eller delvis drift.

Det er etablert ein prosjektadministrasjon for planlegging, prosjektering og utbygging av ny hovudflyplass på Hurum.

Overnattingsstatistikken for hotell og andre overnattingsstader synter eit fall i 1988 på 6 prosent frå året før. Norske gjestedøgn gikk ned med 2 prosent medan utanlandske gjestedøgn gikk ned med 15 prosent. Mykje av denne nedgangen kjem av at asylsøkjarar og flyktningar ikkje er rekna med i statistikken for 1988.

Totalt er det registrert om lag 11,9 millionar gjestedøgn i 1988, og av desse er omtrent 70 prosent norske. På campingplassane er det registrert vel 4,3 millionar overnattningar. Nordmenn står her for 58 prosent av belegget.

Dei totale reisevalutainntektene til Noreg var i 1988 9,27 milliardar kroner, 5,3 prosent høgare enn i 1987. Reisevalutautgiftene var 22 milliardar kroner, 1,7 prosent høgare enn i 1987.

Ved lovendring i desember i fjor vart konsejonsgrensene høgda for utlendingar ved kjøp av aksjar og partar i norske verksemder. Desse endringane opnar for internasjonalisering og lettar kapitaltilgangen for næringslivet.

Våren 1989 vart det i ei rekke saker innført eit nytt konsesjonsvilkår ved utanlandske bedriftsoppkjøp i Noreg. Etter dette vilkåret forpliktar eigaren seg til, dersom han vedtek å leggje ned eller gå til større innskrenkingar, å leggje forholda til rette for sal til interessentar som vil drive verksemda vidare. Samstundes har styresmaktene, når dei behandler den einskilde konsesjonssaka, skjerpa krava til den utanlandske kjøparen om å gjere greie for intensjonane sine når det gjeld framtidig verksemd i Noreg.

Tele-X-satellitten vart skoten opp natt til søndag 2. april 1989. Tele-X-prosjektet er organisert gjennom eit eige selskap, NSAB. Noreg hadde i utgangspunktet ein eigardel på 15 prosent i dette selskapet. Ved forhandlingar vinteren 1989 vart Noregs eigardel overført til Sverige, mot at Noreg som kompensasjon fekk full disposisjonsrett til ein av TV-kanalane som er knytte til satellitten.

Statlege utviklingskontraktar blir sedde på som eit viktig næringspolitisk verkemiddel og er omfatta med stor interesse i næringslivet. Det er etablert eit samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon på dette området.

Stortinget peikte i 1989 ut miljøteknologi som eit nytt satsingsområde. Formålet er dels å hjelpe til å styrkje posisjonen til norsk næ-

ringsliv på den nasjonale og internasjonale miljøteknologimarknaden, dels å utvikle og ta i bruk meir miljøvennlege produksjonsprosesar i norsk industri.

Den fireårs handlingsplanen for informasjonsteknologi blir gjennomført som planlagt. Om lag 120 000 barn har no plass i barnehage.

Det svarer til vel 32 prosent av alle barn i alderen 0 til 6 år. Forsøket med pedagogiske tilbod til 6-åringar held fram og omfattar vel 40 kommunar. Det er vedteke å forenkle regelverket og overføre godkjenningsmakta for barnehagar til kommunane.

Handlingsprogramma for likestilling som departementa sette i verk, blir avslutta denne hausten. Ein prøver å ta omsyn til likestillingsperspektivet i all statleg politikk.

Arbeidet med å opprette ei ordning med positiv miljømerking av forbruksvarer, organisert som ein frittståande stiftelse, er sett i gang. Staten vil hjelpe til med finansieringa i oppstartingsfasen.

Det administrative ansvaret for fylkesmannsembata er overført frå Justisdepartementet til Forbrukar- og administrasjonsdepartementet.

Bruken av edb for å effektivisere verksamda i forvaltinga er auka. Det er sett i gang eit omfattande prosjektsamarbeid for å byggje ut ein nasjonal infrastruktur for edb.

Arbeidet med å forenkle lover og reglar er styrkt og fleire prosjekt er under planlegging.

Delar av dagspressa har opplevd sviktande inntekter på grunn av redusert annonsemengd. Regjeringa har auka pressestønaden til dei spesielt utsette avisene.

Informasjonsberedskapen ved krise- og katastrofesituasjonar er styrkt. Det er skipa eit sentralt pressesenter i regjeringskvartalet.

Hovudoppgåva til prisstyresmaktene har vore å medverke til ei moderat prisstiging ved aktiv prisovervakning og tiltak som fremjer konkurransen og motverkar konsentrasijs av marknadsmakt. På enkelte område har prisane vore strengt regulerte. Det er utført omfattande kontroll med at inntektsreguleringslova blir følgd.

Ved gjennomføringa av finanspolitikken i dei seinaste åra er det lagt stor vekt på å rette opp ubalansen i norsk økonomi. Ved eit vellykka samarbeid i samband med inntektsoppgjera har Stortinget og partane i arbeidslivet lagt grunnen for at den innanlandske kostnadsveksten og veksten i det private forbruket skal halde fram med å gå ned. Det er såleis skapt rom både for å rette opp norsk økonomi og ei satsing på viktige offentlege oppgåver.

Fra første halvår 1988 til første halvår 1989 steig dei samla utgiftene utanom utgifter til

statleg petroleumsverksemde og lånetransaksjonar med 8,7 prosent. Den sterke veksten i utgiftene er mellom anna eit resultat av at det har vore naudsynt med tiltak for å avgrense arbeidsløysa. Inntektene på statsbudsjettet gjekk ned i same perioden med 0,4 prosent når ein held oljeinntekter og overføringer frå Noregs Bank utanom. Dei om lag uendra inntektene må mellom anna sjåast på bakgrunn av lave avgiftsinntekter som følgje av at det private forbruket no er meir tilpassa inntektsoppferinga i samfunnet. Samstundes har omsetnaden av nye bilar vore låg i dei første månadene av året. I første halvår 1989 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 4,7 milliardar kroner. Underskottet før lånetransaksjonar når ein held oljeskattar, statleg petroleumsverksemde og overføringer frå Noregs Bank utanom, var i første halvår 1989 18,6 milliardar kroner, mot eit underskott på 7,2 milliardar kroner i den same perioden i 1988.

For første gong i 80-åra vart kreditteksten i 1988 i samsvar med dei måla styresmakten hadde sett. Den samla innanlandske kredittilførsla var på om lag 8 prosent, som svarer til den nedre grensa i målsona på 8–12 prosent vekst som er gjeven i nasjonalbudsjetten 1988.

Den korrigerte kredittekstindikatoren til Noregs Bank for den siste 12-månadersperioden har synt ein minkande vekst gjennom heile 1988. I januar 1988 var veksten på 15,3 prosent, medan den ved årsskiftet var redusert til 8,0 prosent. Også etter årsskiftet har veksttakta i kredittekstindikatoren gått ned, og ved utgangen av juli 1989 var den redusert til 5,9 prosent.

Kursen på norske kroner var svak ein periode i november i 1988, men vart sterkare att seinare. Kursindeksen har så langt i 1989 vore relativt stabil nær sentralverdien i svingingsområdet. Renta på dagslån frå Noregs Bank er sidan i mai i fjor sett ned i alt åtte gonger med til saman 3,8 prosenteiningar. Renta på slike lån er no 10,0 prosent. Pengemarknadsrenta, som er nært knytt til dagslånrenta, er redusert om lag like mykje. Bankane har også redusert utlånsrenta, men her har m.a. dårlegare inntening i 1987 og 1988 medverka til at rentereduksjonen er mindre enn for dagslån.

Valutareservane utgjorde ved utgangen av 1988 89,3 milliardar kroner, som er 2 milliardar kroner mindre enn året før. Noregs Bank gjekk inn både med sal og kjøp av valuta og det første til eit nettosal av valuta på 10,7 milliardar kroner i 1988. Når valutareservane ikkje vart redusert tilsvarande, kjem det av renteinntekten til Noregs Bank og opptak av utanlandske statslån.

Emisjonsreguleringa av låneopptaket til kommunane og fylkeskommunane over obli-

gasjonsmarknaden vart avvikla 3. mars 1989, og med det vart den siste direkte reguleringa på den innanlandske kreditmarknaden fjerna.

Ved siste årsskiftet vart det lettare for bedriftene å opppta langsiktige valatalån. Frå 9. mai vart det tillate for utlendingar å kjøpe norske obligasjoner. Dette må ein sjå i samband med lave kostnadsvekst, betra handelsbalanse og lave generelt rentenivå.

I stortingsmeldinga om miljø og utvikling blir det gjort greie for kva Noreg har gjort for å følgje opp Verdkommisjonens rapport om det same temaet. Fleire tiltak er sette i verk eller er under planlegging. Dei internasjonale avtalene er omtala lenger fram i denne meldinga.

Innanfor landbruket er det i 1989 innført strengare krav til spreieareal for husdyrgjødsel. Dei blir følgde opp gjennom innføring av gjødselplanlegging og omfattande endringer i driftsformene. Det er også komme ei forskrift om bakkeplanering for å hindre erosjon i plante område.

I Glåmavassdraget er det sett i gang arbeid med å lage ein handlingsplan for å redusere ureiningsutslepp og betre vassdraget på annan måte.

Arbeidet med å redusere ureininger fra vegtrafikken er styrkt. Frå 1. januar 1989 vart det innført avgasskrav på bensindrivne personbilar som svarer til krava i USA i dag.

Det er trekt opp retningslinjer for arbeidet med oljevernnet. Ein skal satse meir på førebyggjande tryggingstiltak for skip og utvikling av ny alternativ oljevern teknologi. Beredskapen på Vestlandet blir styrkt.

Ein har vedteke å byggje eit sentralt behandlingsanlegg for spesialavfall i Mo i Rana.

På bakgrunn av den store tilbakegangen i laksebestanden dei siste åra, har Regjeringa innført nye og omfattande reguleringar i laksefisket. Reguleringane inneheld m.a. forbod mot fiske med drivgarn, totalfreding av laksestammene i om lag 75 vassdrag og opprettning av om lag 50 mellombels sikringssoner for laksefisk knytt til viktige laksevassdrag.

Kampen mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris er trappa ytterlegare opp. Det er også gjennomført ein eigen tiltaksplan for Austlandet. Ein er i ferd med å opprette ein genbank i Møre og Romsdal der ein kan ta vare på gen frå alle dei truga laksestammene i Midt-Norge gjennom fleire generasjoner.

Kampen mot skadeverknadene av sur nedbør er trappa monaleg opp i 1989. M.a. er det utarbeidd ein ny landsomfattande handlingsplan for kalking av sure vassdrag.

Etter algeoppblomstringa i Skagerrak sette Regjeringa straks i verk ei rekke tiltak for å

kartleggje utviklingsgangen i oppblomstringa og skadane den første til. I 1989 vart det i tillegg sett i gang eit større forskingsprogram for å kaste lys over årsakene til unormale oppblomstringar av giftalgar og verknadene av dei.

Nærare 90 kommunar tek del i eit utviklingsprogram der formålet er å styrkje det lokale miljøvernarbeidet.

I tillegg til dei tre miljøpakkene som vart opna i 1988, Grenland, Romerike og Drammensområdet, vart Kristiansandområdet og Rana opna som miljøpakke i år. Miljøpakkene har ført til stor lokal miljøverninnsats.

Regjeringa har lagt fram og fått vedteke generelle lovføresegner om konsekvensutgreiingar. Føresegnene, som er ein del av plan- og bygningslova, skal sikre at det i samband med alle større utbyggingstiltak skal gjennomførast ei forsvarleg vurdering av dei følgjene tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn.

Regjeringa har vedteke rikspolitiske føresegner for regional planlegging og miljøkrav i samband med Hurum-prosjektet. Det er første gong det blir gjeve slike retningslinjer.

Det er oppretta eit fylkeskommunalt forvalningsapparat for kulturminnevernet frå 1. juli 1989.

Det er vedteke ei ny lov om yrkesskade-trygding som pålegg arbeidsgjevarane ei trygdingsplikt til fordel for arbeidstakarane, og som garanterer full økonomisk kompensasjon til arbeidstakarar som blir utsette for ein yrkesskade eller ein yrkessjukdom.

Det er etablert ei ny eining for etterforsking og irtteføring av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

Som ei følge av opprettinga av Statens utlendingsdirektorat og ei eiga utlendingsavdeling i Justisdepartementet, har saksbehandlingstida i framandsaker vorte monaleg kortare. Saksbehandlingstida for asylsaker i første instans er i 1989 redusert frå om lag eitt år til tre månader i gjennomsnitt. Talet på asylsokjarar syner nedgang.

Det er gjennomført omfattande endringar i fengselsreglementet og i praktiseringa av reglementet for å betre tryggleiken i fengsla. Mellom anna er vilkåra for permisjon og annan utgang og kontakt utover frå dei lukka anstaltane stramma monaleg inn. Reglane legg samstundes opp til ei meir differensiert fangebehandling enn før.

Kampen mot narkotikamisbruk i fengsla er effektivisert. Det er tilsett ei rad narkotikakoordinatorar og tryggingsinspektørar i sentralanstaltane og fengselsdistrikta for å auke tryggleiken og skjerpe innsatsen mot narkotikamisbruk i fengsla.

Fengselsstellet har fått tilført heile 200 nye stillingar. Stillingsane skal først og fremst brukast for å få bort aleinevaktordninga, og vil føre til ei monaleg betring av både tryggleik og arbeidsmiljø for dei tilsette i etaten.

Innsatsen mot narkotikaomsetninga held fram med auka styrke. Ein eigen plan for å hindre at kokain skal få fotfeste i Noreg er langt på veg gjennomført.

Det er vedteke ei ny lov om trygdingsavtaler som vil avlyse trygdingsavtalelova frå 1930. Den nye lova vil føre til ei styrking av forbrukarvernet når det gjeld trygging.

Det er vedteke å heve den kriminelle lågalderen frå 14 til 15 år med verknad frå 1. januar 1990.

Det er vedteke ei rad strafferettslege og straffeprosessuelle lovendringar, mellom anna for å markere at valdslovbrott skal straffast hardare enn det lova tidlegare har sagt, og for å sikre ei raskare og meir effektiv straffesakshandsamig.

Det er lagt fram ein handlingsplan for einsleie umyndige asylsokjarar. Planen legg opp til å korte ned oppholdstida i statlege mottak og oppnå raskare busetjing i kommunane, hjelpt frå verje og tilrettelegging av særskilde mottaksstader m.m.

Det er gjennomført ei rekke landsomfattande og lokale aksjonar retta mot trafikkulykker, vinningskriminalitet og narkotika.

Det er oppretta ein bøteinnkrevjingsentral i Mo i Rana. Den effektiviserer bøteinnkrevjingga og frigjer ressursar i politietaten.

Det er opna ei ny avdeling for særleg vanskolege eller rømmingsfarlege innsette ved Ulversmo landsfengsel.

Det er vedteke ei ny lov om handverkstener for forbrukarane. Lova skal styrkje og klargjøre den rettsstillinga forbrukarane har på eit viktig og praktisk område som til no ikkje har vore lovregulert.

Det er vedteke ei ny lov om produktansvar som særleg skal styrkje den erstatningsrettslege stillinga til forbrukarane ved skade som er valda av eit produkt.

Det er vedteke lovreglar om erstatning for ureiningsskadar, dels for å hindre skadar, dels for å sikre kompensasjon for skadar som har oppstått, og medverke til at dei blir reparerte.

Det er vedteke endringar i tvangsfullføringslova med sikt på å hindre at fast eide dom og burettslagsbustader blir selde på tvangsauksjon til prisar langt under taksten.

Det er om lag 900 000 pensjonistar i landet, som svarer til 21 prosent av folkemengda. Av desse er det om lag 600 000 alderspensjonistar og 200 000 uførepensjonistar. Utviklinga i talet på pensjonistar framover er eit sentralt tema i meldinga om økonomien og pensjonssystemet

i folketrygda som er lagd fram og drøfta i Stortinget. I meldinga blir det drege opp ein politikk som skal sikre folketrygda sin økonomi og ytingane frå den på lang sikt.

Det har i dei seinare åra vore ein monaleg auke i sjukefråvær og uførepensjonering. Regjeringa har sett i gang arbeid med å greie ut grunnane til dette nærmere og finne sosialt forsvarelege tiltak for å dempe eller snu denne utviklinga.

Frå 1. januar 1989 er den betalte fødselspermisjonen utvida frå 22 veker til 24 veker. Inntil 18 av desse vekene kan takast ut av faren. Frå 1. april 1989 er det gjeve høve til å ta ut 30 veker fødselspermisjon med 80 prosent lønnskompensasjon.

Den perioden som yrkesaktive har rett til omsorgspengar ved adopsjon, vart frå 1. januar 1989 utvida frå 17 til 19 veker.

Eingongsstønaden til kvinner som ikkje har rett til fødsels- eller omsorgspengar som yrkesaktive, auka frå 1. januar 1989 frå kr 4 730 til 6 147.

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 1 700 til 32 700 frå 1. april 1989. Minstepensjonen utgjer no kr 51 840 for einslege pensjonistar og kr 83 976 for pensjonisteketepar. Dette gjev ein gjennomsnittleg auke på 5,4 prosent både for einslege og for ektepar. Ektepar der berre ektefellen med forsørgjaransvar er pensjonist, har tidlegare fått mindre i minstepensjon enn pensjonisteketepar. Frå 1. april 1989 blir det gjeve den same minstepensjonen til desse ektepara dersom den forsørgede ektefellen er over 60 år.

I samband med inntektsoppgeret 1988 er det innført ei ordning med avtalefesta pensjon. Frå 1. januar 1989 er det høve til å ta ut pensjon frå fylte 66 år for arbeidstakrar innanfor LO-NHO-området og verksemder utanom NHO som har tariffavtale med forbund innanfor LO. Ei tilsvarende ordning gjeld også for stats- og kommunetilsette.

Frå 1. januar vart aldersgrensa for rett til ein minste garantert tilleggspensjon sett opp frå 21 til 22 år. Frå 1. juli 1989 er uførepensjonistar som er fødde uføre i åra 1923–1944, eller som er vortne uføre før dei fylte 22 år, også sikra ein minste garantert tilleggspensjon.

Grunn- og hjelpestønaden frå folketrygda ved uførleik auka med 5 prosent frå 1. januar 1989. Samstundes fall den lågaste særsetsen for diabetikarar bort.

Frå 1. januar 1989 vart reglane for ytingar til gjenlevande skild ektefelle forenkla.

Det er vedteke meir lempelege reglar for samordning av tenestepensjon med tilleggs-pensjon for folketrygda når det ikkje er same personen som har stått for oppteninga.

Frå 1. januar 1989 er det innført ei ordning

der eigendelen ved kjøp av medisinar utgjer ein prosentvis del av reseptbeløpet. Som hovedregel betaler pasienten ein eigendel på 20 prosent av dette beløpet, avgrensa til kr 150 pr. resept. For barn under 16 år og alders- og uførepensjonistar er eigendelen 10 prosent av reseptbeløpet, avgrensa til kr 75 pr. resept.

Ei undersøking som vart gjord hausten 1988, tyder på at vi har 6–7 000 aktive sprøytenarkomane. Mellom anna fordi sprøytemisbruk er ein viktig smitteveg for HIV/AIDS, starta Sosialdepartementet i 1988 opp med ein 5-årig handlingsplan for å styrke behandlings- og rehabiliteringstilbodet for rusmiddel-brukarar generelt og stoffmisbrukarar spesielt. I planperioden tek ein siktet på å opprette i alt 300–350 nye plassar. Også dei om lag 1 450 behandlingsplassane i alkoholomsorga blir i skiftande monn brukte til å behandle personar med narkotikaproblem. Det er sett igang eit prøveprosjekt for å styrke det føregiggjande arbeidet i kommunane.

Pr. 30. juni 1989 er det meldt 801 HIV-positive personar. Av desse er det registrert 136 dei siste 12 månadene. Talet på AIDS-tilfelle pr. same dato var 119, og av desse er 76 døde.

Årsforbruket av alkohol pr. person gjekk ned frå 1987 til 1988 og det går truleg ytterligare ned i 1989. Det er vedteke ei ny alkohol-lov som vil ta til å gjelde frå 1990.

Regjeringa gjorde i vår framlegg til ny sosiallovgivning. Lovframlegget kjem i staden for edruskapslova, sosialomsorgslova og lov om fylkeskommunalt ansvar for alkoholistinstitusjonane, og gjev ei samla regulering av oppgåvane og arbeidsmåtane i sosialtenesta.

Tiltak og tenester samfunnet har for menneske med psykisk utviklingshemming, er under omlegging. Målet med omlegginga er at menneske med psykisk utviklingshemming så langt som mogleg skal kunne leve og bu sjølvstendig og ha eit meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.

Takstsystemet for poliklinisk behandling er no i større grad retta mot å stimulere fullførte behandlingsprosedyrar, medan prøvetaking av ulike typar ikkje lenger har særskilde takstar.

Det er innført takstar for behandling i psykiatriske poliklinikkar.

Frå 1. desember 1988 er det innført eit særskilt stimuleringstilskott for hofteoperasjoner.

Forsøksprosjekta som er sette i verk i Sør-Trøndelag og Østfold for å redusere ventetida for behandling i sjukehusa, er førte vidare. Tiltaka blir finansierte gjennom ei overføring av sjukepengar frå trygdebudsjettet.

Frå 1. januar 1989 har fylkeskommunen og kommunane fått ansvaret for å byggje ut tele-kommunikasjonane i helsetenesta. Hit høyrer også medisinsk nødmeldingsteneste.

Mellombels lov om stillingsstopp for legar er oppheva frå 1. juli 1989. Lova er avløyst av ei avtale mellom Kommunenes Sentralforbund, Oslo kommune og Den Norske Lægeforening. Formålet med avtala er å få betre ledgedekning i utkantstrøk.

Regjeringa gjorde i vår framlegg om å endre sjukehuslova og lova om psykisk helsevern slik at det vil bli mogleg med ei sterkare statleg styring av spesialhelsetenestene og gjøre det lettare for prioriterte pasientar å kunne få behandling utanfor det fylket dei bur i. Ei sterkare statleg styring vil gjøre det mogleg å føre kontroll med innkjøp og bruk av nytt kostbart medisinsk utstyr, hindre unødig dobbelkapasitet, sikre rimeleg geografisk fordeling av lands- og fleirregionale funksjonar og styrke forsking og undervisning.

Planlegging av eit nytt rikshospital er i gang.

Kapasiteten innanlands når det gjeld hjartoperasjonar har auka, og ein reknar med at 2 400–2 500 pasientar vil bli opererte i Noreg i 1989. Hjartesentera i Oslo, Trondheim og Feiring er komne i drift i 1989. Med full utnytting av kapasiteten vil over 3 000 pasientar kunne bli opererte innanlands. Målet som Regjeringa sette i den nasjonale helseplanen vil då vere nådd.

I 1988 vart det i allmenne somatiske sjukehus og spesialsjukehus behandla 633 103 pasientar. Det er omtrent det same som i 1987, men færre enn i 1985 og 1986. Denne nedgangen må ein sjå i samanheng med ein heller stor auke i dagkirurgi og poliklinisk behandling.

I psykiatriske sjukehus og klinikkar vart det i 1988 behandla 19 415 pasientar. Det er litt fleire enn i 1987, men færre enn i 1985 og 1986.

Tilgangen på pleiepersonell er framleis vanskeleg. Utdanningskapasiteten i grunn- og vidareutdanning for sjukepleiarar er auka. Det blir framleis lagt særskild vekt på vidareutdanning innanfor operasjon, anestesi- og intensivsjukepleia. Den faglege utviklinga for pleiepersonell er generelt styrkt.

Ein har auka innsatsen for å modernisere og effektivisere helsesektoren. I samarbeid med kommunar og fylkeskommunar er det sett i gang om lag 50 nye forsok for best mogleg å kunne utnytte dei tilgjengelege ressursane, samtidig med at helsetenesta betre blir tilpassa dei behova brukarane har. Ein arbeider med å betre samordninga mellom primærhelsetenesta og fylkeshelsetenesta, mellom somatikk og psykiatri, og mellom yrkesgruppene.

Ved det omfattande prøvesjukehusprosjektet i Tromsø og Volda har ein m.a. hausta røynsler frå prioriteringskonferansar, organi-

sasjonsgjennomgang, målstyring, økonomistyring og samarbeid med kommunehelsetenesta. Desse røynslene blir overførte til andre sjukehus.

I prosjektet Brukarservice i Vestfold har ein arbeidd for betre å tilpasse helsesektoren til dei behov og ønske som brukarane har. I Aust-Agder og i Steinkjer har ein prøvd ut nye modellar for eldreomsorga der hjelp til sjølvhjelp, større satsing på rehabilitering og på dei ressursane dei eldre sjølve har, har stått sentralt.

Ved 12 sjukehus i Akershus, Hedmark og Buskerud har ein arbeidd med å kartlegge ventelister og køar, og på bakgrunn av dette arbeider ein med ei standardisering av førinja av ventelister.

Statistikken for helse- og sosialsektoren er mangefull på fleire område. Sosialdepartementet har derfor sett i gang ulike tiltak for å gjøre statistikken betre, slik at den kan gje grunnlag for styring og planlegging på ulike forvaltningsnivå. Det er publisert ein rapport om samanlikningsdata for sjukehus i 1988.

I kyrkja er det 1 120 prestestillingar og 82 kateketstillingar. I tillegg kjem prestestillingar i forsvaret, ved sjukehus og fengsel. Frå 1. januar 1989 er det bispedømmeråda som skal tilsetje kyrkjelydsprestar og kateketar.

Det offentleg nedsette kyrkjelovutvalet som sidan 1982 har arbeidd med reformspørsmål for kyrkja på lokalplanet, har nyleg lagt fram utgreiinga si.

I skoleåret 1988–89 var det om lag 493 000 elevar i grunnskolen. Det er 13 000 færre enn skoleåret før. Elevtalet går ned både på barnesteget og ungdomsseget, men etter måten mest på ungdomsseget.

Talet på framandspråklege elevar har auka med 2 600 det siste året. I 1988–89 fekk 14 270 framandspråklege elevar opplæring i grunnskolen.

Arbeidet med å gjennomføre den reviderte monsterplanen vart vidareført i 1988–89, som var det siste året i den treårige innføringsperioden. Det blir arbeidd aktivt for å etterutdanne lærarar og skoleleiarar slik at dei kan møte utfordringane i planen.

Miljøvernundervisning er styrkt gjennom prosjektarbeid, kursverksemrd og utvikling av rettleatingsmateriell for lærarar og elevar.

I den vidaregåande skolen var det 189 000 elevar i skoleåret 1988–89. 5 000 av elevplassane vart finansierte med særskilt statstilskott som eit tiltak for å skaffe unge utdanning eller arbeid. Desse 5 000 plassane er ført vidare hausten 1989 i tillegg til 14–15 000 nye plassar finansierte med statlege midlar, slik at elevtalet no er oppe i over 200 000.

Arbeidet med informasjonsteknologi i skole

og fagopplæring har vorte vidareført med det hovudmålet å førebu unge og eldre til å nytte ut moderne teknologi. Noreg har markert seg som eit av dei leiande landa i verda når det gjeld utvikling av utstyr, programvare og metodar for pedagogisk utnytting av teknologien.

Det er fastsett rammevilkår for å komme fram til ei betre utnytting av skoleåret i den vidaregåande skolen med siktet på å heve kvaliteten og kunnskapsgrunnlaget i vidaregåande opplæring og fagopplæring.

Rammeplanen for opplæring av flyktninger og asylsøkjarar er under revisjon. Det er utvikla ein plan for alfabetiseringsundervisning. Ein held dessutan på å prøve ut eit undervisningsopplegg for alternativ førstegongsutdanning for personar med svak utdanning frå heimlandet.

45 opplysningsorganisasjonar har allmenn rett til statstilskott. Desse arrangerte om lag 75 000 kurs for om lag 718 000 deltakarar i 1988. Dette er ein svak auke både i talet på kurs og deltakarar.

I brevskolane er det om lag 130 000 elevar, og 17 brevskolar får tilskott til brevundervisning. Fleire skolar er nedlagde eller under avvikling. Studiearbeit og brevundervisning utviklar seg mot meir kompetansegejvande kurs.

I skoleåret 1989—90 er det 82 folkehøgskolar i drift, det same som siste året. Søkninga til hovedkursa er aukande. Det var i 1988 litt over 33 000 deltakarar i folkehøgskolen.

Hausten 1989 er det i alt nærmere 109 000 studentar i Noreg. I tillegg kjem om lag 7 000 norske studentar i utlandet. Det har vore ein klar auke i studenttalet både i 1988 og i år. Auken har særleg komme ved universiteta og tyder på at det no er blitt større interesse for universitetstudium i filologi, samfunnsvitenskap og realfag.

Sivilingeniørutdanninga i Porsgrunn tok opp sitt første årskull hausten 1988. Tilsvarande utdanning i Narvik blir planlagd. Fire tidlegare fagskolar i landbruksfag er knytte til ein nærliggjande distrikthøgskole eller ingeniørhøgskole som avdeling der. I Kautokeino er den samiske høgskolen kommen i gang i haust.

Interessa for lærarstudiet er no større enn nokon gong. Det er m.a. sett i gang desentralisert førskolelærarutdanning på nye stader. Innan helsefag er det komme i gang nye utdanningstilbod i fysioterapi i Tromsø og audiografi i Trondheim. I ingeniørfag er det sett i gang nytt tilbod i Førde i 1988 og i Levanger hausten 1989.

Løyvingane til ordnære byggjetiltak er auka monaleg i 1989. I Tromsø er det nye bygget for medisin og helsefag i arbeid, medan byggje-

trinn 4 for dei andre universitetsfaga og administrasjonen er teke i bruk i haust. I Oslo er nybygget for Musikkhøgskolen ferdig, medan nybygg for Preklinisk medisin er i arbeid. Nybygg for ingeniørhøgskolane både i Horten og Grimstad er i gang. I Bergen er arbeidet med Bioblokken i Høgtekknologisentret i gang, og i Trondheim blir det planlagt nybygg for medisinsk-teknisk forskingssenter.

Det er vedteke ny lov om universitet og vitenskaplege høgskolar, og det er i gang reformarbeid ved desse institusjonane.

I 1988—89 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 5,0 milliardar kroner. Kostnadsnorma for stønad til livsopphold til elevar og studentar over 19 år er for undervisningsåret 1989—90 kr 4 600 pr. månad.

Det er frå 1. januar 1989 innført ei ordning med inntektsavhengig nedsetjing av terminsummar ved tilbakebetaling av utdanningslån i Lånekassa. Det er i 1988 og 1989 oppretta til saman 16 nye studentsamskipnader. Derved er det 22 studentsamskipnader i Noreg, minst ein i kvar høgskoleregion.

I stortingsmeldinga om forsking har Regjeringa lagt fram forslag om retningslinjer for forskingsinnsatsen i år framover. Forskarrekuttering, grunnforskning, næringsretta forsking og miljøforskning er særleg høgt prioriterte. Bioteknologi, materialteknologi og kulturog tradisjonsformidlande forsking er nemnde som hovedinnsatsområde. Noreg deltek stadig meir aktivt i det internasjonale forskings- og teknologisamarbeidet slik det er gjort greie for under omtalen av det internasjonale samarbeidet.

Dei statlege løyvingane til forsking er i 1989 på om lag 5,6 milliardar kroner. Av dette kjem 228 millionar kroner frå overskottet frå Norsk Tipping A/S. Løyvingane har auka nominelt med 10 prosent samanlikna med 1988. Forskinga er såleis styrkt monaleg.

Ei ny lov om kabelsendingar tok til å gjelde 15. oktober 1988. Lova inneber m.a. at konsejsjonsplikta for formidling av satellittsendingar er oppheva, og at abonnentane i kabelnetta sjølv kan velje kva for sendingar dei ønskjer skal bli formidla. Det er innført formidlingsplikt for fjernsynssendingane frå Norsk riksringkasting og for nærfjernsynssendingar.

Pr. juni 1989 var det gjeve 470 konsesjonar for drift av nærradio og 83 konsesjonar for nærfjernsyn. Av desse er 384 radio- og 28 fjernsynsstasjonar i aktiv drift.

Nasjonalbibliotekavdelinga i Rana er skipa frå 1. oktober i år. Tiltaket inneber ein monaleg auke i kapasitetene for løysing av nasjonalbibliografiske oppgåver, mikrofilming m.m.

I 1989 er 520 kunstnarar med under ord-

ninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 810 kunstnarar, og i tillegg har fem livsvarig kunstnarlønn, fire har æresstipend og ein har æreslønn. Til saman kjem 1 340 kunstnarar inn under ulike statlege stønadsordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1988 vitja av om lag 163 000 personar. Museet for samtidskunst vart formelt oppretta 1. januar 1988 som ein frittståande institusjon, og Riksgalleriet gjekk inn i museet som eiga avdeling for ambulerande kunstformidling. Riksgalleriavdelinga hadde tretten utstillingar på vandring i 1988 med eit besøk på om lag 130 000.

Fire symfoniorkester får statsstønad. I alt er det no 294 fast tilsette musikarar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonsertane var om lag 187 000 i 1988. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit besøkstal på rundt 868 000.

Dei teatra som får offentlege tilskott, hadde i 1988 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 261 000 på eigenproduserte framsyningar.

Publikumstalet ved kinoane var om lag 12,4 millionar i 1988.

Samla utlån i 1988 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 22,6 millionar band. Den samla bokmengda var 25,8 millionar band.

I 1989 får 296 musé tilskott gjennom tilskottssordninga for halvoffentlege musé. Det samla besøkstalet for alle musea i landet ligg på om lag 5 millionar pr. år.

Statsarkivet i Tromsø tok i bruk nye lokale i 1988. I 1988 vart det levert 2 228 hylrometer arkivmateriale til det statlege arkivverket i Noreg.

Investeringsstønaden til kommunale fritidslokale og ungdomslokale er utvida slik at det kan gjevest stønad til fleirbruks- og sambrukslokale.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1989 var på 459 millionar kroner. Det er 26 millionar kroner mindre enn året før. Av summen vart om lag 261 millionar kroner nytt til idrettsanlegg. 178 millionar kroner gjekk til Norges Idrettsforbund og 20 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av tilskottet til idrettsanlegg gjekk 210 millionar kroner til idrettsanlegg i kommunane. Detaljfordelinga av desse midlane blir gjord av fylkeskommunane.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 134. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har erklært åpnet, er det første i en ny valgperiode. Mange som møter i det nyvalgte Storting, har erfaring fra tidligere perioder. Det er av stor betydning for sammenhengen og de lange linjer i Stortingets virke og liv. Men samtidig møter det mange nye og mange unge representanter, som vil gi ny kraft til felles bestrebeler.

Stortinget er vårt folkestyres fundament. Derfor skal det være et særkjenne og en forpliktelse for de valgte representanter å ha god direkte og nær kontakt med folk i alle deler av landet vårt. Det er en forutsetning for tilitten til vårt politiske system. Det er nødvendig at den nære forbindelse opprettholdes i et samfunn som blir stadig mer innviklet. Dersom vi ikke kan makte det, kan avstanden mellom de politiske organer og menneskets hverdag bli for stor.

Mange andre steder i verden har folkestyret og rettsstaten karrige kår. Derfor må vi som har disse umistelige godene, bevare dem ved samlet å slå ring om dem.

Den parlamentariske situasjon vil stille store krav både til den enkelte representant og til Stortinget samlet. Derfor er det godt å vite at det i vårt land tross alt er mer som samler enn som skiller. Det er felles ledetråd og mål at Stortingets virke må bli til gagn for folk og land. Med dette for øye samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.